



Syril årsmøte 27. februar 2025

Frammøtte:

Elianne Eggum, Sindre Ramung, Ronny Rydningen, Torill Felde, Erlend Husabø, Birte Andersen, Martin Stølen, Torhild Brudvik, Frode Alme, Steinar Røysum, Marianne Vara, Inga Halsnes Henjum, Deta Gasser.

Tid: Kl. 18-19.45, 27. februar

Stad: Digdir, Skrivarvegen 2

Saksliste

Sak 1: Konstituering av møte v/ Elianne Eggum

Leiar Elianne ynskte velkommen

- *Godkjenning av innkalling og saksliste:*
 - Møtet er lagt ut på syril.no sine nettsider, og lagt ut i hovudstyret si Spond-gruppe. Beklagar sein utsending av sakspapir.

Innkallinga vart godkjent.

- *Val av ordstyrar og referent:*

Som ordstyrar vart Elianne Eggum vald. Som referent vart Sindre Ramung vald.
- *Val av to medlemmar til å skrive under protokoll:*

Erlend Husabø og Frode Alme vart valde til å skrive under møteprotokollen.

Sak 2: Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2024 v/ Elianne Eggum og Sindre Ramung

Innspel frå KO og Telemark skal inn i årsmeldinga.

Sindre gikk gjennom rekneskap og revisormelding. Ingen vesentlege merknader til rekneskapen.

Avgjersle: Årsmelding og rekneskap er godkjent.

Sak 3: Medlemskontingent 2026 v/ Sindre Ramung

Avgjersle: Det blir inga endring i medlemskontigent.



Sak 4: Budsjett 2025 v/ Sindre Ramung

Investeringar:

Vedrørende punkt Vinterdrift kunstgras – dette inkluderer også friidrettsgruppa.

Merknaden blir innarbeidd i budsjettet.

Drift:

Finanskostnadsposten i styret sitt driftsbudsjett blir justert i høve realitetane.

Kostnadsposten blir null ut sidan kunstgrasprosjektet ikkje kjem i gang i 2025.

Samankopling lysanlegg nedfart ved Husabøsvingen er ikkje prioritert i år.

Avgjersle: Budsjettframlegget for 2025 blei vedteke med desse endringane.

Sak 5: Val v/ Torill Felde

Sjå vedlegg med forslag til val.

Avgjersle: Kandidatane blei valde ved akklamasjon iht. innstillinga frå valkomiteen.

Innkomne saker

Sak 6: Handlingsplan Syril 2025-2029 v/ Elianne Eggum

Innspel om at det er viktig å sjå på fordelingsnøkkel dersom ein innfører felles treningsavgift.

Avgjersle: Forslaget til handlingsplan blei vedteke av årsmøtet.

Sak 7: Arbeid med barneidretten v/ Deta Gasser

Det er fleire områder ein må jobbe med framover. Dette er blant anna nettsider, øvelsesbank på tvers av idrettane, avgift m.m. Gruppa som jobbar med dette består av representantar frå alle særgruppene (volleyball vil finne representant). Det blir jobba med å få til barneidrettskurs her på Leikanger til hausten.

Det er ynskjeleg med samarbeid med DNT og barnas turlag, jf. handlingsplan.

Avgjersle: Årsmøtet tek planen om nytt opplegg for barneidretten til vitande.



Sak 8: Inkluderingsfondet v/ Sindre B. Ramung

Kort informasjon om bruken av Inkluderingsfondet jf. årsmeldinga frå fondsforvaltarane. Innspel om at Syril også etablerer utstyrsbank og ev. byttedag for brukt utstyr.

Forslag til avgjersle: Årsmøtet tek årsmeldinga for Inkluderingsfondet til vitande.

Sak 9: Terrengsykling i Syril v/ Morten Andre Hansen

Morten Andre Hansen la fram saka på vegne av terrengsykkelmiljøet.

Avgjersle:

Årsmøtet gjorde følgjande vedtak:

Terrengsykling blir etablert som nytt medlemsutval i Syril. Formålet er å sette terrengsykkelmiljøet i stand til å starte ein prosess med å etablere tilbod knytt til terrengsykling i Syril, og starte arbeidet med å prosjektere nytt anlegg. Målet på lengre sikt er å utvikle utvalet til å bli ei ny særgruppe i Syril.

Sak 9: Godkjenning av sportsplan for fotballgruppa v/ Erlend Husabø

Sportsplanane for kvar særgruppe skal vera i tråd med det som står i handlingsplanen til hovudlaget. Hovudstyret skal godkjenne alle sportsplanar frå særgruppene. Erlend Husabø presenterte sportsplan for fotballgruppa.

Avgjersle: Årsmøtet godkjenner sportsplanen til fotballgruppa.

Leikanger 27. februar 2025

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Erlend Husabø".

Erlend Husabø

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Frode B. Alme".

Frode Alme



Vedlegg 1:
Val Syril 2025

Valnemnda sitt forslag:

Hovudstyret:		
Leiar	Elianne Eggum	attval
Nestleiar	Sindre Ramung	attval
Kasserar	Marianne Vara	ny
Sekretær/styremedlem	Ronny Rydningen	attval
Ekstra styremedlem (nytt verv)	Olav Øyen	attval
Friidrettsgruppa:		
Leiar	John Eivind Presterud	ny
Nestleiar	Tom Engan Nesvåg	attval
Handballgruppa:		
Leiar	Heidi Ravnestad	ny
Nestleiar	Ragnar Brevik	attval
Skigruppa:		
Leiar	Inga H. Halsnes	attval
Nestleiar	Ronja Vangsnes	attval
Trim- og merkegruppa (inkl. innebandy):		
Leiar	Eva Hamre	attval
Nestleiar	Ingar Hals	attval
Barnegruppa:		
Leiar	Deta Gasser	attval
Nestleiar	Eddie Borlaug (vikar for Deta i den grad det er behov for det)	attval
Symjegruppa:		
Leiar	Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa vert det ikkje gjort val	
Fotballgruppa:		
Leiar	Erlend Husabø	attval
Nestleiar	Frode Berge Alme	attval



Volleyballgruppa:		
Leiar	Martin Stølen	attval
Nestleiar	Christian Kleiven	attval
Revisor:		
	Tony Borlaug	attval
	Udvin Einar Skarsbø	attval
Hyttestyre skihytta		
	Gro Selås	attval
	Susanne Svardal	attval
Styringsgruppa Kjeringi Open		
	Roar Vangsnes	attval
	Karl Erik Johnsen	attval
Valnemnd:		
Leiar Medlem	Valnemnda vert sett saman av dei som går ut av gruppene: Olav A. Haugen Torhild Brudvik	